



Fylkesmannen i Hordaland

BREMNES SEASHORE AS AVD PRODUKSJON
Øklandsvegen 90
5430 Bremnes

Bergen, 10. desember 2018

Dykkar ref.:
Geir Ivar Ådnanes

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/14534
Sakshandsamar:
Henriette Ludvigsen

Rapport frå inspeksjon ved Bremnes Seashore AS

Kontrollnummer: 2018.054.I.FMHO

Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Geir Ivar Ådnanes
Ragnhild Kringeland
Knut Selle
Mersia Zekic

Frå Fylkesmannen i Hordaland:

Henriette Ludvigsen
Sissel Storebø

Frå mattilsynet:

Amir Ebrahim Yazdanpanah Amin

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Bremnes Seashore den 06.11.2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka ingen avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Oppfølginga er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Sissel Storebø
senioringeniør

Henriette Ludvigsen
overingeniør

Kopi til: Bømlo kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: BREMNES SEASHORE AS AVD PRODUKSJON	
Organisasjonsnr.: 972189685	Eigd av: 836597702
Bransjenr. (NACE-kode): 10.202 - Frysing av fisk, fiskefileter, skalldyr og bløtdyr	

Kontrollert eining

Namn: Bremnes Seashore	Anleggsnr.: 1219.0002.01
Kommune: Bømlo	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Fiskeforedling	
Løyve gitt: 23.09.2013	Sist endra: 30.09.2014

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for slakteri og verksemder som driv med foredling av fisk og kjøt.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Avfall
- Prosess og reinseutstyr
- Kjemikalier
- Utslepp til luft
- Journalføring
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fylkesmannen avdekka ingen avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi ser difor på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 19. oktober 2018. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Bremnes Seashore betale eit gebyr på kr 17 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Det vart ikkje funne avvik under inspeksjonen.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

9. Informasjon til verksemda

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Avviksbehandling: Det er bedre å lære av en feil enn å gjenta den
- Forventninger til virksomheters utslippskontroll (TA-2748)
- Kontroll med risiko gir gevinst
- Veileder om substitusjonsplikten (TA-1715)
- Miljøkrav for fiskeforedlingsindustrien (M-1112/2018)